Intensjonsavtale
(REVIDERT UTKAST)

Om: **Formidling av kulturarv i Bygland og på Agder**

Mellom: **Bygland kommune, Aust-Agder Museum og Arkiv (AAma), Agder Fylkeskommune** og **Kulturhistorisk Museum (KHM),**

Pkt 1: **Målsetjing**

Bygland skal utviklast som ei samanhengande kulturhistorisk forteljing, der stader, kulturminne, funn, tradisjonar, natur- og næringshistorie vert knytte saman og formidla på ein måte som er fagleg forankra, lokalt eigd og tilgjengeleg for innbyggjarar og besøkande.

Partane vil fremje kunnskap om kulturarven gjennom samarbeid om formidling av arkeologiske funn, kulturminne og historiske stader. Formidlinga skal synleggjere samanhengar mellom dei ulike delane av historia og bidra til å styrkje vernet av kulturarven som grunnlag for opplevingar, identitet, sjølvforståing, trivsel og lokal utvikling for nolevande og komande generasjonar.

Pkt 2: **Referanse**

Arbeidet skal ta utgangspunkt i Meld.St. 23 (2020-2021) der musea og kulturminnearbeid vert sett som eit uttrykk for utviklinga av eit samfunn, sjølvkjensla i ein nasjon, standarden for ytringsfridom og demokrati i ein fellesskap. Tiltaka skal fremje demokrati og ytringsfridom, der det er viktig å gjere informasjon og materiale tilgjengeleg for allmenta, for skuleverket og særleg barn og unge. Vidare framhevar meldinga frivilligarbeidet og lokal forankring. Dette vert særskild viktige moment å ta omsyn til i organiseringa av planarbeidet. Vidare tek ein utgangspunkt i Meld.St. 9 (2024/2025) som løftar fram kulturarvens betydning for sivil motstandskraft. En godt opplyst befolkning, med god tilgang på kunnskap om og forankring i egen kulturell identitet, vil ha bedre muligheter til å ta gode valg for seg selv og sitt nærsamfunn i en krisetid.

Pkt 3: **Tiltak for Bygland kommune**

Bygland kommune ynskjer å vere med å styrke arbeidet med kulturarv i Bygland og i regionen i samarbeid med AAma, Agder fylkeskommune, KHM og andre aktørar innafor frivilligheit og næringsliv.

Bygland kommune har tilrettelagte lokale for utstillingar og anna formidling, og har tilgjengelege møterom og kan tilby lokale til seminar og konferansar.

Formidlinga skal primært byggje på arkeologiske funn og kulturarv i Bygland og frå andre stader i Agder. KHM, AAma og andre institusjonar skal og kunne nytte lokale på Bygland i sitt formidlingsarbeid etter nærare avtale.

Bygland kommune vil i samarbeid med partane i avtalen utarbeide handlingsplanar der ein konkretiserer vidare konkret arbeid i tråd med intensjonane i denne avtalen. Vidare vil samhandling med aktørar og næringsliv bli satt inn i handlingsplanane for å jobbe mot målsettinga i avtalen.

Agder fylkeskommune skal arbeide mot å tilrettelegge eit utval kulturminne for publikum, med langsiktige planar for skilting og skjøtsel.

Pkt 4: **Aktivitetar og kulturarvprosjekt**

Partane vil samarbeide om at utstillingar og andre relevante aktivitetar på Bygland kan utfylle og komplettere museumsarbeidet og gje positive synergiar for kulturformidlinga i Setesdal, med særleg tanke på Setesdalsmuseet.

I arbeidet med å gjere historiske stader og kulturminne meir kjende og tilgjengelege vil Bygland kommune samarbeide med Agder Fylkeskommune på deira ansvarsområde, og etter nærare avtalar.

Dei ulike tiltak og prosjekt som skal førebuast skal utformast i særskilte avtalar, med nærare opplysningar om dei partane som er med og framstilling av tiltaka.

Pkt 5: **Utlånsavtaler**

KHM har forvaltningsansvaret for arkeologiske funn frå Agder, og stiller dette til rådvelde for utstillingar i Bygland etter museets vanlege vilkår for utlån. Søknad om utlån må sendes i god tid, seinast 8 månader før planlagt utstillingsopning.

Likeins kan det vere aktuelt med utlån frå den arkeologiske samlinga til AAma etter nærare avtale.

Bygland kommune vil vere ansvarleg part i utlånsavtalane, men kan samarbeide med aktuelle organisasjonar og institusjonar som kan opptre på vegne av Bygland når det gjeld utforming og drift av utstillingane.

Partane samarbeider ved rullering av utstillingar, særleg med tanke på utforming og produksjon med eit mål om rullering om minimum kvart 3. år.

Lengda på utlånsavtalene vert handsama i kvart einskild tilfelle, men partane er samde om verdet av langsiktige formidlingstiltak for å styrke kunnskapen om kulturarven og historia.
AAma vil bidra med kompetanse og fagkunnskap for å tilrettelegge og gjennomføre rullering av utstillingar. AAma framforhandlar avtale på vegne av kommunen og avklarar ansvarsfordeling for gjennomføring av rullering av utstilling.

Pkt. 6 Kontakt

Partane vil oppnemne kontaktpersonar og relevant fagpersonell som kan føreståden praktiske gjennomføringa av avtalane og dei prosjekt det vert semje om.

Pkt. 7: Avtaleperiode

Denne samarbeidsavtalen har ein varigheit på 5 år, og partane skal då gjere ei vurdering av samarbeidet. Intensjonen er å halde fram med samarbeidet og sikte mot ei langsiktig styrking av kunnskapen om og formidling av historie, arkeologi og kulturminne.

Bygland, x.x 2026

Bygland kommune **Kulturhistorisk museum**

Aust Agder museum og arkiv **Agder Fylkeskommune**